

Mandat Medisinsk fagleg utval

Bakgrunn:

Det er bestemt at samhandlinga mellom helseføretaket og kommunane skal organiserast i Helsefellesskap. Ved inngåing av avtale om Helsefellesskap er det lagt til grunn at Medisinsk fagleg utval (MFU) er eit verksamt fagleg samarbeidsutval som skal rapportere til Strategisk Samarbeidsutval (SSU).

I Overordna samarbeidsavtale pkt. 5.4. står det følgjande om faglege arbeidsutval: «Faglege samarbeidsutval skal utvikle konkrete prosedyrar og tenestemodellar. Målet er å sikre heilskaplege og koordinerte helse- og omsorgstenester til pasientar/brukarar som har trong for tenester frå både kommune- og spesialisthelsetenesta. Faglege samarbeidsutval og nettverk vert oppnemnd av SSU etter behov (jf. pkt. 5.2.1.). Dei faglege samarbeidsutvala skal rapportere til SSU.

Representasjon og samansetning i dei faglege samarbeidsutvala følgjer som hovudregel same prinsipp som for SSU. Alle faglege samarbeidsutval skal minimum ha 1 fastlege og 1 brukarrepresentant.»

Mandat:

Føremål:

- MFU fungerer som eit rådgjevande organ til SSU – eit organ for generelle/prinsipielle medisinsk faglege problemstillingar som gjeld heile føretaksområdet. Det må kunne ta inn problemstillingar frå OU, og initiere saker sjølv.

Oppgåver:

Utvalet skal:

- bidra til god dialog mellom samarbeidspartnarane og kunne gje uttale av medisinsk fagleg karakter i aktuelle saker (ikkje einskild pasientsaker)
- kunne ta opp problemstillingar som ein ut frå eigen kjennskap/praksis meiner er av meir overordna karakter og som gjeld fleire helsenivå.

Samansetjing av utvalet

Det må sikrast at organet har ei solid forankring både i kommunane og sjukehusa, og at legene i utvalet har god fagleg breidde. Representasjonen er knytt til funksjon, og ein deltek i utgangspunktet for to år av gongen. Det skal vera vararepresentasjon. Viser til [Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale](#) for korleis samansetninga av utvalet skal vere.

Utvalet konstituerer seg sjølv i møte. Kommunane og spesialisthelsetenesta har leiar og nestleiar annan kvart år.

Representant frå SSE er sekretariat for utvalet og har ansvar for utarbeiding av saksliste og referat. Den part som melder sak inn til utvalet har ansvar for å førebu saka i samarbeid med leiar av utvalet og sekretariat.

Utvalet kan ved behov invitere fagpersonar med spesiell kompetanse i høve til einskilde saker.

Utvalet skal i utgangspunktet møtast minst to gonger i halvåret. Mandat kan endrast som ein del av ein årleg gjennomgang av avtaleverket. Utvalet utarbeider oppsummering av viktige saker til SSU og gir uttale til prioriteringar i helsefellesskapet. Leier i MFU stiller i SSU og gir ei kort tilbakemelding på faglege spørsmål. Det er ønskeleg å få tilsendt saksliste i god tid før SSU møte.